



Hardangervidda villreinutval

| | | | | | | |
|-------------------|------------|---------|--------------|-----------|-------------|------------|
| Arkivsakid-doknr: | 22/1011-16 | Saksh: | Gunnar Elnan | Arkivkode | Dykkar ref. | Dato: |
| Journalpostid: | 23/2561 | Telefon | 47612205 | FST-612 | | 13.03.2023 |

Tiltak for å betre reinens tilgang til kalvingsområde og vår- og sumarbeite på nordvestvidda

Eidfjord Fjellstyre - 23/014:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Fjellstyret vil oppmoda løyvehavarane til å følgja tilsynsutvalet sine reglar for vintertransport.

Fjellstyret vil for eigen del avslutta vintertransport til fjellstyret sine hytter sør og vest for Tinnhølen 16. april.

Fjellstyret leiger ikkje ut fjellstyrehyttene i Langavasshadle og Viersla før 15. juli.

Med venleg helsing
Eidfjord fjellstyre

Gunnar Elnan
Sekretær

Andre mottakarar:
Ovre Numedal
Rauland fjellstyre
Røldal fjellstyre
Statsforvalteren i Oslo og
Viken
Tilsynsutvalet
Ullensvang fjellstyre
Ulvik fjellstyre

Kopi til arkiv og kopibok



Arkiv: FST-612
Arkivsak ID: 22/1011 - 7
Journalpost ID: 2023001403
Saksh.: Elnan, Gunnar
Dato: 06.02.2023

| | | |
|--------------------------|------------|--------|
| Styre, utval, komite m.m | Møtedato | Saknr |
| Eidfjord Fjellstyre | 01.03.2023 | 23/014 |

Tiltak for å betre reinens tilgang til kalvingsområde og vår- og sumararbeite på nordvestvidda

Dokument i saka:

| Dok.dato | Tittel |
|-----------------|---|
| 08.02.2023 | Sak om å forby fiske i Skjerhøl, Hardangervidda - Øvre Numedal fjellstyre |
| 02.02.2023 | Kopi av brev om oppmoding til DNT om å stenga turisthytter |

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Fjellstyret vil sterkt oppmoda løyvehavarane og tilsynsutvalet til å avslutta vintertransport helga etter påske.
Fjellstyret vil for eigen del avslutta vintertransport til fjellstyret sine hytter sør og vest for Tinnhølen 16. april.
Fjellstyret leiger ikkje ut fjellstyrehyttene i Langavasshadle og Viersla før 15. juli.

01.03.2023 - Eidfjord Fjellstyre

Endringsframlegg fremja av Vidar Riber:

Fyrste setning skal lyda; Fjellstyret vil oppmoda løyvehavarane til å følgja tilsynsutvalet sine reglar for vintertransport.

Røysting:

Framlegg til vedtak med endringsframlegg fremja av Vidar Riber vart vedteke med 6 mot 1 røyst.

EFS - 23/014 - Vedtak:

Fjellstyret vil oppmoda løyvehavarane til å følgja tilsynsutvalet sine reglar for vintertransport.
Fjellstyret vil for eigen del avslutta vintertransport til fjellstyret sine hytter sør og vest

for Tinnhølen 16. april.

Fjellstyret leiger ikkje ut fjellstyrehyttene i Langavasshadle og Viersla før 15. juli.

Vedlagt:

Villreinnemnda sitt vedtak

Miljødirektoratet si avgjer om fiske ved Skjerhøl.

Særutskrift skal sendast til:

Tilsynsutvalet

Fjellstyra på Hardangervidda

Heimesida, lokalavvisa

Saka gjeld:

Det er blitt oppmoda til dugnad for villreinen. Kvalitetsnormen for villrein peiker på at reinen på Hardangervidda sliter som følgje av ma menneskeleg aktivitet.

Villreinnemnda har teke initiativ ovanfor DNT og Tilsynsutvalet for å redusera ferdsla på nordvestvidda. Villreinutvalet har gitt si støtte til Villreinnemnda sitt initiativ.

Fjellstyret har i ulike samanhengar drøfta og gjort enkle tiltak for å redusera ferdsla.

Det er konkretisert transportløyper kor vintertransport kan føregå over statsallmenninga og fjellstyret har for eigen del redusert utleigetida for fjellstyrehyttene sør for Rv7.

Med bakgrunn i at det er kome ein del ulike innspel til tiltak, synest det rett å sjå moglege tiltak i samanheng.

Villreinnemnda sin konklusjon og tilråding lyder:

Villreinnemnda anbefales å utfordre turistforeningene og tilsynsutvalgene for Vestland og Vestfold og Telemark til å begrense all ferdsel i de senere års kalvingsområde og ønsket kalvings- og oppvekst-område på nordvestvidda, i første omgang i 2023, i påvente av de langdryge prosessene som pågår for å bedre forholdene for villreinen.

Villreinnemnda vil utfordre turistforeningene og tilsynsutvalgene for Vestland og Vestfold og Telemark til å begrense all ferdsel i de senere års kalvingsområde og ønsket kalvings- og oppvekstområde på nordvestvidda, i første omgang i 2023, i påvente av de langdryge prosessene som pågår for å bedre forholdene for villreinen. Formålet er å gi villreinen ro under kalvingstrek og i kalvings- og oppvekst-perioden, for at dyrene skal betre kondisjonen fra et dårlig nivå.

Turistforeningene bes om å stenge turishyttene Hellevassbu, Litlos, Torehytten og Hadlaskard fra etter påske og fram til 1. august 2023. Tilsynsutvalgene bes om å stenge løyper i de aktuelle områdene fra etter påske og ut vintersesongen 2023, men også begrense annen motortransport fram til 1. august.

Villreinnemnda si tilråding peiker ikkje direkte på statsallmenninga, men allmenninga og aktiviteten der er sentral for at reinen skal ha moglegheit til å trekke vest til områda Villreinnemnda peiker på. Det er spesielt områda sør for Tinnhølen mot Ullensvang grense som er sentrale når det gjeld trekk vestover. Men og dei vestre delane av allmenninga er område sentrale som samarbeiteområde.

Moglege tiltak for å avgrensa ferdsel på allmenninga.

- Redusera fisketilbodet i vatn der ferdsla kan vera i konflikt med reinens trekkmoglegheiter mot nordvest.

Det er kome innspel om å stengja for fiske med stong etter 20. august. Dette er grunngeve i den uro fiskarar kan representera for reinen.

I orienteringar om dette er det vist til sak om Øvre Numedal fjellstyre sitt forsøk på å stenga for stongfiske i Skjerhøl under reinsjakta. Dette med grunngeving av at fiskarane stengte for reinstrekk ved Skjerhøl. Vedtaket vart oppheva av Miljødirektoratet. Dokumentet frå Miljødirektoratet er lagt ved og gir ein grundig juridisk avklaring kva reguleringar fjellstyret kan gå til. Dersom intensjonen er å betra reinens kondisjon ved å kunna trekke vestover mot vår- og sumararbeite på vestvidda, er det lite truleg eit tiltak å stenga stongfiskarar ute frå allmenninga etter 20. august, har den ønskte effekt. Men isfiske seint på sesongen kan for enkelte område koma i konflikt med reinstrekk. Truleg vert ferdsla sør for Lågen redusert dersom det ikkje vert selt fiskekort for området. Eit slikt forbod mot stongfiske må etter Miljødirektoratet si meining vera tufta på behov for å redusera presset på fiskestamma i vatna i området.

Fjellstyret er med på ein ordning med fellesfiskekort gjeldande for allmenningane Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik. Her er fisketidene like, ei endring av fisketider vil få følgjer for utforming av dette fisketilbodet.

Fredningssona sør for Lågen i reinsjakta har betra reinens moglegheit til å trekka vestover under jakta. Denne er positiv for moglegheit til å utøva jakt, men og for at reinen skal ta ibruk område i vest under jakttida.

- Setja meir krav om samordning av transport.

På slepa til Låghellern og til Hansbu er det sett eit maksimalt tal turar som er tillate. Dette resulterer i betre utnytting av lastekapasitet på traktorane, men og at jegerar og andre som har behov for transport må planleggja meir. For transport til Viersla og Sandhaug er det ikkje krav om samordning. Dersom det er ynskjeleg og har positiv effekt for villreinen, bør ei organisering av transport sjåast på.

Mykje av transporten kan og utførast på vinterføre. Løyvemynde bør leggja til grunn den transportform som har minst negativ innverknad på villreinenens arealbruk.

- Oppmoda til å styra bruk av hundspann og kiting til område tålt av reinen. Bruk av hundspann og kiting har auka dei siste åra og har delvis hatt karrakter av å vera organisert aktivitet utan at dette er formalisert med handsaming hjå vernemyndigheitene. Under dekke av friluftsløva er det meste av slik ferdsel tillate, men innanfor verneområda har kanskje vernemyndigheiten moglegheit til å styra slik aktivitet. Kommunen har og ein moglegheit ved bruk av friluftsløva å regulera ferdsel, men denne heimelen er lite brukt og truleg ikkje eigna for generelt ferdselforbod i store område. I regional plan for sti- og løper vert det arbeidd med å regulera ferdsel med hundspann og område for kiting.

Truleg er det informasjon, vernereglar og gjennom å regulera kor det kan parkerast mogleg å styra slik aktivitet. Fjellstyret kan gjennom sin aktivitet med utleige av fjellstyrehyttene ha ein liten påverknad.

- Stenging av fjellstyrehyttene.
Fjellstyret har alt gått til det skritt å stenge fjellstyrehyttene sør for Rv7 for utleige no på vinteren og fram til sumaren. Når det gjeld tidspunkt på sumaren er det ikkje sett ein dato, men bruk av hyttene har normalt hatt samanheng med når Tinnhølvegen opnar. Det har heller ikkje vore stor etterspurnad om å leige hyttene tidleg i juli. Men for å følgja opp Villreinnemnda si oppmoding, kan Viersla og Langavasshadle haldast stengd fram til midt i juli.
- Redusera vintertransporten etter påske.
Fjellstyret har i sak 20/032 fatta slikt vedtak:
*Fjellstyret sitt vedtak i sak 19/030 vert oppretthelde. Dette inneber at løype 5a (Tverrgavlen-Sildabudalen-Viersla) innanfor statsalmenningen ikkje skal visa på løypekartet til TU.
Transportløyve skal som hovudregel ikkje gjevast lenger enn fram til og med fyrste sundag etter 1. mai.*

Fjellstyret sitt vedtak i sak 19/030 vert oppretthelde med slike presiseringar og endringar:

- *Dette vedtaket gjeld for vintersesongane 2021-2024 så langt ikkje anna vert vedteke.*
- *Køyreloyper på Eidfjord statsalmenning skal følgje dei tidsråmer og ordningar som Tilsynsutvalet for Vestland har vedteke ref. 20/1307-6 agny/20/29861.*
- *Fjellstyret meiner det som hovudregel er viktig å samordna transport til trasear det er kvista skiløyper.*
- *I område mellom løypa Dyranut- Sandhaug og Veigdalen, sør for Bjoreidalen, bør det av omsyn til villrein ikkje etablerast hovudløyper. I dette området bør transport avgrensast til transport som skal til mål innanfor området. Del av løype Tverrgavlen-Sildabudalen-Viersla på statsalmenningen, som ikkje er del av kvista løypenett, skal ikkje visa på løypekartet til TU.
Transport som har sitt utgangspunkt frå Våkavad/Dyranut skal skildrast trase frå hovudløypa fram til endepunkt.*

Med bakgrunn i Villreinnemnda si oppmoding må lokal forvaltning vurdera dette vedtaket. Tilsynsutvalet har gitt fleirårsløyve som heimlar transport til og med 7. mai i år. 2. påskedag er 10. april i år. Her må tilsynsutvalet følgja med dyrameldingar og ha ein føre var – haldning.

Omsynet til brukarane no når denne saka kjem opp så seint i sesongen gjer det vanskeleg å endra vedtak fjellstyret har fatta. Intensjon om ein dugnad for villreinen bør som ei minste løysing vera ei sterk oppmoding om å utføra naudsynt transport seinast i løpet av påsken.

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

